



Bord og benker i gåve frå Uskedal Helselag

Prosjektet Gull av grus er til no eit svært vellukka tiltak i bygda. Nyleg kom det på plass bord og benker som er ei gåve frå Uskedal Helselag.

Gåva utgjer 6 komplette sett, tilsaman 12 benker og 6 bord. Helselaget har søkt tilskot og fått tilført eksterne midlar. Alt er produsert på Kvinnherad Vekstbedrift. Benkene og borda er plassert rundt den nye kunstgrasbanen. Det er ei kjærkomen gåve som vert mykje nytta av born, unge og ikkje minst av foreldrea som føl ungane sine på treningar og kampar.

Etter det vi kjenner til vil nemnda bak Gull av grus med det fyrste motta eit bord og to beker til. Det er også ei gåve, noko vi kjem attende til seinare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal